



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/148678-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.09.2017

Uttale til dispensasjon frå LNF-føremål – Fritidsbustader – Gnr. 51 bnr. 151 og 152 på Landsvik i Meland kommune

Vi viser til oversendt søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for 2 fritidsbustader på Landsvik i Meland.

Bakgrunn

Eigedomene vart frådelt i 2008, men vart ikkje bygd ut. I kommuneplanens arealdel er dei vist som LNF-område, men dei ligg nær opp til eksisterande fritidseigedomar.

Krav til tilkomst

Tilkomst til eigedomene vil vere via privat veg Lyngnesvegen til fylkesveg 249 Skjelangervegen. Fartsgrensa på fv. 249 ved kryss med Lyngnesvegen er 80 km/t.

Statens vegvesen har ikkje vore på synfaring i avkøyrsla i samband med dispensasjonssøknaden, men ut frå bilete vurderer vi at avkøyrsla ikkje kan nyttast slik den ligg i dag. Det må påreknast krav om utbetring av sikt og ev. geometri før vi kan gi løyve til utvida bruk av avkjørsla/krysset. Villkår for avkøyrsla vil verte vurdert og handsama i samband med ei eventuell søknad om avkøyrsla.



Vår uttale

Statens vegvesen har ikkje særskilte merknader til ein dispensasjon frå LNF-føremål for eigedomene gnr. 51 bnr. 151 og 152. Vi gjer merksam på at tiltaket krev løyve til avkøyrsløve jf. veglova §§ 40–43. Opparbeida avkøyrsløve skal vere godkjend av Statens vegvesen før kommunen gir igangsettingsløyve for tiltak på eigedomen.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.